

**2013-
2015**

Jæren vannområde

Frivillige tiltak i
landbruket

For reinare vassdrag på Jæren



**PROSJEKTMTALE FOR
FRIVILLIGE TILTAK I LANDBRUKET
2013-2015**

Eit prosjekt under Jæren vannområde

Bakgrunn

”Frivillige tiltak i landbruket” blei etablert i 2004 med Olaf Gjedrem og Olav Husveg som prosjektleiarar. Det er eit samarbeidsprosjekt mellom Fylkesmannen i Rogaland, Rogaland fylkeskommune og kommunane Hå, Time, Klepp, Gjesdal Sola, Sandnes, Stavanger og Randaberg organisert under Jæren vannområde. Prosjektleiarane er tilsette i Rogaland landbrukselskap.

Bakgrunnen for prosjektet var Aksjon Jærvassdrag sitt arbeid med å betre vasskvaliteten på Jæren. Rogaland er eit svært viktig jordbruksfylke, og den omfattande jordbruksproduksjonen gir mange stader utfordringar med omsyn til næringsavrenning til vatn. På Jæren er problemstillinga svært sentral. 90 vassdragslokalitetar er registrert påverka av landbruk. I 80 % av desse vassdraga er påverknaden registrert som middels eller stor.

Noverande prosjektperiode var planlagt til mai 2013, men er av styringsgruppa forlenga til januar 2014. Prosjektleiarane har i samarbeid med kommunane, Fylkeskommunen og Fylkesmannen arbeidd med å informere om og skape engasjement kring tiltak bøndene kan gjere for å minske næringsavrenninga. Det blitt arbeidd spesielt med Figgjovassdraget som var pilotvassdrag for innføring av vassforskrifta. Etter ønskje frå kommunane har prosjektleiarane i tillegg arbeidd med å få på plass grunneigaravtaler til kommunale turstiar. Dette har blitt finansiert av den einskilde kommune. Inntektene frå arbeidet med turstiar er blitt brukt til å forlenge prosjektet fram til januar 2014. Arbeidet har blitt oppsummert i årsmeldingar frå prosjektet.

Vassdirektivet gjer prosjektsatsinga meir aktuell enn nokon gong. Pilotfasen er over, og no skal det lagast tiltaksanalysar lokalt for alle vassdrag. I Regionalplan for landbruk er det sett fram mål om å redusere næringsavrenning og hindre punktutslipp frå landbruket. Miljøutfordringane blei eit prioritert temaområde etter handsaming av fylkestinget. Styringsgruppa i prosjektet ønskjer å forlenge prosjektet med to år, 2014 og 2015. Prosjektleiarane har sagt seg interesserte i å halde fram, men i reduserte stillingar frå 80 til 60 %. Arbeidet med turstiar avsluttast, og det skal fokuserast på vassdraga.

Prosjektmål.

Hovudmål:

Reinare vassdrag på Jæren

Delmål:

Miljøavtalar:

60 % oppslutning av arealet som inngår i område med miljøavtale 2013. 70 % oppslutning i 2014 og 2015.

Bekkelag:

Nå 500 personar gjennom bekkelag (av totalt ca1200 personar)

Miljøvenleg spreining av husdyrgjødsel

50 % oppslutning kring miljøvenleg spreining av husdyrgjødsel som frå 2013 er vesentleg utvida.

Gjødselporter


Alle gamle gjødselportar skal fasast ut

Hindre forureining frå plansilo og rundballar.

Hindre overforbruk av fosfor og nitrogen og fremje balansegjødsling som prinsipp

Informere og følge opp enkeltsaker

Organisering



Kontorstad:

Vi tek sikte på å halde fram med at prosjektleiarane har kontorstad ute i kommunane.

ARBEIDSFORM

De stillingane som det skal samarbeidast om må:

1. Arbeide tett opp mot kommunal forvalting for å ha nødvendig tyngde i forhold til å påverke den enkelte bonden til å ta omsyn til miljøet.
2. Prosjektleiarane må bli oppfatta som medspelarar for bonden og landbruket i arbeidet med å bygge en positiv allianse med resten av samfunnet samstundes som det blir informert om gjeldande regelverk.
3. I samarbeid med kommunane vurdere dei enkelte vassdrag for å finne kvar det er behov for ekstra innsats. Deretter planmessig, etter møte med grunneigarane langs vassdraget, ta kontakt med den enkelte bonde og besøke bruket for å fokusere på årsakene til tilstanden i vassdraget og sjå etter moglege punktutslipp. Informasjonen skal registrerast i eige system for intern bruk i prosjektet, blant anna for å sikre informasjon og dokumentasjon om

arbeidet om prosjektleiarane sluttar. Av omsyn til målet om å være medspelarar med landbruket skal informasjonen ikkje brukast slik at den kan ramme enkeltpersonar.

- Arbeide både med generell informasjon gjennom massemedia – TV- radio aviser og Bondevennen, og delta på møte i bondelag og liknande, men og påverke gjennom kontakt med og besøk på dei gardsbruk der ein ser behov for det.

Prosjektleiarane sine arbeidsoppgåver er:

1. Informere om og følgje opp frivillige tiltak etter vassforskrifta:

For å få god oppslutning kring frivillige tiltak, vil det vere nødvendig med betydelig informasjonsarbeid retta mot landbrukssektoren. Prosjektleiarane skal ta kontakt med dei enkelte gardsbrukarane og kommunane i forhold til aktuelle støtteordningar og gjeldande regelverk. Erfaringane frå arbeidet med pilotområdet Figgjovassdraget skal brukast i dei andre vassdraga på Jæren.

2. Orienterere om gjeldande regelverk for å unngå forureining frå landbruket:

Etter at oppgåvene etter forureiningsregelverket blei eit kommunalt ansvar, er det fokusert mindre på spreietidspunkt og krav til spreieareal enn tidligare. Bruk av gjødsel i feil mengd og på feil tidpunkt utgjer ein fare for forureining. For å sikre god kjennskap og forståing for korleis uheldig jordbrukspraksis kan påverke vassdraga, må regelverket stadig repeterast. Prosjektleiarane skal informere om reglar i forskrift om organisk gjødsel som omtalar bruk og lagring av husdyrgjødsel og silopressaft.

For å ha nødvendig tillitt i dette informasjonsarbeidet, er det viktig med koplinga til kommunal forvaltning. Reelle sanksjonar skal det informerast om.

Kommunane skal saman med prosjektleiarane velje ut kva område/vassdrag som skal prioriterast for oppfølging.

3. Stoppe konkrete utslipp i vassdrag:

Det skjer av og til uhell/utslipp med forureining som resultat. Det kan til dømes vere ei pumpe som ikkje koplar inn som den skal, eit røyr som blir lekk eller ein gjødselsport som kollapsar.

Når uhell skjer er det viktig å få stoppe dette utan unødig opphald. Vi har gode erfaringar med at prosjektleiarane i slike tilfelle utan vidare går inn i saka og i samråd med bonden gjer det som må til for å få slutt på forureininga.

Det har vore enkelt å få bøndene med på dette fordi faren for sanksjoner her er synleg. Blir ikkje noko gjort, er kommunen styresmakt og kan gi pålegg eller melde til politiet.

4. Orienterere om regionalt miljøprogram i landbruket:

Regionalt miljøprogram (RMP) er ei ordning der bønder kan søkje om regionale miljøtilskot. For å få god oppslutting kring ordningane er det nødvendig med god informasjon. Her skal prosjektleiarane ha ei sentral rolle. Aktuelle ordningar på Jæren er tilskot til:

- Ugjødsla randsoner og vegetasjonssoner kring utvalde vassdrag.
- Vedlikehald av reinseparkar
- Fangvekstar
- Miljøavtalar i utvalde vassdrag (Varhaugselvane, Timebekken, Skas Heigre, Hålandsvatnet)
- Miljøvenleg spreing av husdyrgjødsel (utvida til å omfatte store delar av Jæren)

Prosjektleiarane skal særleg arbeide med å følgje opp bønder som ønskjer å skrive miljøavtalar i utvalde vassdrag

5. Etablering og oppfølging av bekkelag:

Bekkelag er sentrale i tiltak i arbeidet med å betre vasskvaliteten i Jærvassdraga. Lokal kunnskap, kontakt med styringsmaktene og medverknad til tiltak i eige vassdrag er viktig for at arbeidet i bekkelaga skal fungere bra. Prosjektleiarane har ansvar for etablering av bekkelag og oppfølging av desse. Bekkelaga skal involverast i utarbeiding av forvaltningsplanar og tiltaksplanar for vassdraga på Jæren. Eit minimum bør vere at leiarane av bekkelaga inviterast med på møter når forvaltningsplan, og tiltaksplan for deira vassdrag skal diskuterast. Dette bør gjerast på ein slik måte at det enkelte bekkelag får kan komme med konkrete forslag til tiltak for sitt vassdrag.

6. Arbeide konkret for gjennomføring av nødvendige investeringar/driftsomlegging for å redusere forureining:

Framleis er nok punktutslipp som verken bonden eller andre veit om ei viktig kjelde til forureining. Prosjektleiarane må difor i dei mest forureina analysere situasjonen både i vassdraget generelt og på gardsnivå for å finne kjeldene. Dei skal gjere ei vurdering av kva som kan gjerast for å stoppe ureininga. Prosjektleiarane skal også informere og stimulere til investering i nye gjødsellager. Gardbrukarane i område med miljøavtale kan søkje investeringstilskot til bygging av nye gjødsellager.

Andre oppgåver:

Det kan i løpet av prosjektperioden dukke opp andre aktuelle oppgåver for prosjektet. Avklaring av om dette er aktuelle arbeidsoppgåver skjer i samråd mellom prosjektleiarane og styringsgruppa. Viktige vurderingar vil vere om dei nye oppgåvene styrker finansieringa av prosjektet, og er positivt for prosjektets omdømme. Eventuelle nye større oppgåver skal godkjennast av styringsgruppa før dei kan setjast i gong.

Årshjul

Januar:

Møte med kommunane. Informasjonsmøte om miljøavtalar.
Møte i styringsgruppa

Februar – august

Informere om og fremje bygging av nye gjødselkummer.

August

Møte i styringsgruppa

September

Studietur til Danmark (2013). Rettleie bøndene om søknad om regionalt miljøprogram RMP

Juni- september

Arbeide med å få bønder til å skifte ut gjødselporter. Intervju i Bondevennen om gjødselporter

Oktober/haust

Arrangering av kurs om reinseparkar:

Heile året:

Halde bekkelagsmøte. Generell informasjon og oppfølging, t.d. av punktutslapp.

Desember

Skrive årsrapport

Økonomi

Prosjektet er avhengig av eit spleiselag mellom eigarane. Det er tatt utgangspunkt i to stillingar a 60%. Det er ikkje tatt med tilskot til tiltak som anbefalast utført på gardsbruka eller til arbeid i bekkelag. Disse må finansierast av andre kjelder. Det er heller ikkje avsett midlar til administrasjon i instansar som deltek i styringsgruppa, stiller kontorstad eller på annan måte bidreg i prosjektet. Eksisterande kontorstader er Time kommune og Hå kommune.

Kostnader

Emne	Årlig beløp
Administrative utgifter (lønn, sosiale utgifter, telefon)	780 000
Reiseutgifter	70 000
Arrangere møter, (mat, foredragsholdere, med mer.)	50 000
Sum	900 000

Finansieringsplan

Deltaker:	Beløp 2014:	Beløp 2015:	Sum
Estimert overføring frå 2013	140 000		140 000
Statlige midler	200 000	235 000	435 000
Fylkeskommunen	190 000	235 000	425 000
Hå kommune	70 000	80 000	150 000
Time kommune	70 000	80 000	150 000
Klepp kommune	70 000	80 000	150 000
Stavanger kommune	20 000	20 000	40 000
Randaberg kommune	30 000	30 000	60 000
Sola kommune	20 000	30 000	50 000
Gjesdal kommune	20 000	30 000	50 000
Sandnes kommune	70 000	80 000	150 000
Totalt	900 000	900 000	1 800 000

